

# Bybanefakta

- Juni 2020



## Bybanen i kollektivsystemet

Bybanen er ryggrada i kollektivtilbodet i Bergen, og har sidan opninga i 2010 gitt kollektivtrafikken i heile byen eit løft. Bybanen har bokstavleg tala «bana veg» for nye løysingar for kollektivtrafikken, har løfta kvaliteten og styrka kapasiteten, særleg i dei tungt trafikkerte korridorane. Ikkje minst gjer Bybanen det mykje enklare for mange å la bilen stå. Bybanen har mange kjenneteikn som forklarar suksessen og som vi ønsker for heile kollektivsystemet:

- Høg frekvens og stor kapasitet
- God og føreseieleg framkomst
- Rask på- og avstiging
- Høg kvalitet på haldeplassar
- Tydeleg plass i bybildet
- Strukturerte effekt på byutviklinga

## Passasjertal

- Bybanen hadde nær 18,7 millionar påstigingar i 2019. Veksten er på heile 16 prosent samanlikna med året før. I 2019 var det i snitt nær 60 000 daglege påstigingar på Bybanen på kvardagar.
- I november 2019 passerte vi 100 millionar påstigingar på Bybanen.

## Byggetrinn og drift

- Byggetrinn 1: Byparken - Nesttun opna 22. juni 2010
- Byggetrinn 2: Nesttun - Lagunen opna 21. juni 2013
- Byggetrinn 3: Opna til Birkelandsskiftet august 2016, og forlenga vidare til Flesland med opning 22. april 2017
- Byggetrinn 4: Utbygginga av byggetrinn 4, Byparken - Fyllingsdalen starta i 2018 og er godt i gang. Planlagt opning er i årsskiftet 2022/2023.
- Bybanen trafikkerer ein 20,4 km lang hovudtrafikkåre mellom Byparken og Bergen lufthamn.

- På dei første byggjetrinna var vognene til Bybanen 32 meter lange og var godkjente for 212 passasjerar. Frå tredje byggjetrinn vart det kjøpt inn 42 meter lange vogner, medan vognene som allereie var i trafikk vart forlenga til 42 meter. Sommaren 2017 var alle vogner i vognparken 42 meter blitt lange og godkjente for 280 passasjerar. Den praktiske kapasiteten ligg på om lag 215 passasjerar.
- Bybanen køyrer over 360 turar på en vanlig kvardag
- Kl. 15-16 er den timen med høgast tal påstigingar på Bybanen, med 11 prosent av dei reisande i døgnet

## **Kostnadar**

Dei første tre byggetrinna inkludert depotet på Kokstad har kosta om lag 7,2 milliardar kroner og er bygde innanfor budsjett.

- Byggetrinn 1 Sentrum - Nesttun: 2,25 milliardar kroner
- Byggetrinn 2 Nesttun - Lagunen: 1,35 milliardar kroner
- Byggetrinn 3 Lagunen - Flesland: 3,6 milliardar kroner

Byggetrinn 4 Sentrum – Fyllingsdalen som no er under bygging, har ei styringsramme på 7,101 milliardar kroner inkludert vognhall inne i Løvestakken, og store investeringar i gang- og sykkelveggar, grøntområde, vasskanalar og møteplassar langs strekninga.